

Sitat frå brukar etter tur:  
"Den beste dagen på mange år!"

### Vi legg vekt på:

- triveleg samvær i trygge omgivelser
- aktivitetar som den einkelte meistrar
- å oppleve glede
- fysisk aktivitet og ernæring

### Vi veit at dagtilbod er med på å:

- auke livskvaliteten hjå brukaren
- å utsetje utviklinga av sjukdomen
- gjere at brukaren kan bu heime lengre
- gje pårørande nødvendig avlastning

### På dagtilbodet treffer du:



Tove Kleiven Sagdalen  
Aktivitør

Svein Magne Fallingen  
Sjåfør

Bodil Sagsletten  
Koordinator/Demenssjukepleiar

**Velkomen til oss!**

### Har du spørsmål ta kontakt med oss:

Dagtilbodet  
tlf.nr 95 13 14 98

Demenssjukepleier Bodil Sagsletten  
tlf.nr 90 41 82 08

Tildelingskontor Vågå kommune  
tlf.nr 91 13 43 58

# DAGTILBOD I SJÅRDALEN



### Solhaug aktivitetssenter

Vågå kommune sitt  
dagtilbod for personar  
med hukommelsesproblem

## Oss held til

på den nedlagde skulen i Sjårdalen,  
Solhaug aktivitetssenter

Avdelinga vår har eiga inngang, oppholdsrom med kjøken og stugu.

Det er rolege omgivelser, men eit levande miljø med dyr på beite og folk i aktivitet, og vi har eiga uteområde med hage og drivhus.



## Åpningstida

er måndag, tysdag, torsdag og fredag  
kl. 10.00 – 15.00

Gruppa har maks. 6 brukarar og  
2 personal kvar dag.

Brukaranne blir henta og kjørt heim av oss som  
arbeider på dagtilbodet.



**Dagen startar** med kaffeservering og triveleg samvær i stugu. Utover dagen held vi på med ulike aktivitetar både inne og ute. Oss et middag ilag før heimreise.

“Sitat frå brukarar:  
”Det er medisin alt oss gjer her!”

Aktivitetane blir lagt opp etter årstid,  
kva brukaranne meistrar og har interesse av.

Døme på **aktivitetar** er:

Fysiske aktivitetar som tura i Sjårdalen, eller andre stadar i bygda, sparktur om vinteren, sparkesykkelen i sommarhalvåret

Utearbeid som raking, vedarbeid, bærplukking og snømåking.

Inneaktivitetar:

trimsykkel m. film, matlaging og baking, hukommelsesstimulering, hobbyaktivitetar, handarbeid, sang og musikk, dans, høgtlesing, kortspel, trim til musikk med styrke og balanseøvelser og ballkasting.

Vi bruker bilen vår til turar i nærområda rundt om i Vågå, til kjente stadar som vekkjer minner hjå brukaren (hytta, setra, heimplassen), eller å oppleva nye stadar.

